

# Økonomioversyn pr 3. september 2008

## Institutt for framandspråk

### I. Oppsummering

|       | Løyvingar | rekneskap pr 3.9 <sup>1</sup> | Rest      |
|-------|-----------|-------------------------------|-----------|
| Løn   | 2.393.879 | 2.527.032                     | -133.153  |
| Drift | 5.993.147 | 1.542.390                     | 4.450.757 |
| Sum   | 8.387.026 | 4.069.422                     | 4.317.604 |

Lønsutgiftene er høge samanlikna med dei spesifikke løyvingane til vikarar, timemidlar og sensurutgifter i budsjettet. Her er det viktig å hugsa på at ein god del av lønsutgiftene for hausten allereie er belasta, og at vi dessutan vil få tilbakeført ein større sum frå Sevu knytt til lærarane på vidareutdanninga. Dersom vi endar opp med ein samla minus på lønssida av budsjettet, er det heller ikkje urimeleg at litt av driftsmidlane går med til å finansiera innleige av lærarar.

På driftssida har vi store ubrukte midlar. Brorparten av desse midlane – over 3 millionar kroner – er øyremerkta særskilte personar eller føremål.

Konklusjonane er derfor: a) Instituttet har rikeleg med midlar, og kan bruka pengar til føremål som t.d. reisestøtte, forskingsstøtte, publiseringsstøtte og it-utskiftingar i haust. b) Instituttet risikerer at fakultetet dreg inn store summar ved årsskiftet dersom dei framleis står ubrukte. Først og fremst gjeld dette dei øyremerkte midlane. Folk må få klar melding om dette, og i nokre tilfelle bør vi prøva å få fakultetet med på ei overføring av midlar. Utgangspunktet er likevel at vi ikkje kan rekna med å få overført ubrukte midlar til neste år.

Oppsummeringa ovanfor gjeld midlane som ligg inne i instituttbudsjettet. I tillegg er det viktig å hugsa på dei øyremerkte midlane som ligg utanfor budsjettet: smådriftsmidlar, Meltzerstøtte og støtte frå Bergen universitetsfond. Også her er det store ubrukte løyvingar, og smådriftsmidlane må brukast opp før årsskiftet.

### II. Instituttbudsjettet – meir detaljert gjennomgang av ein del hovudpostar

#### Utgifter til vikarar, timelærarar og sensorar

Det er brukt ganske mykje pengar her, og det vil gå ut fleire hundre tusen kroner i tillegg i siste delen av haustsemesteret. Samstundes vil vi få ei større tilbakeføring frå SEVU for undervisning på vidareutdanningskursa, og dessutan ei mindre overføring frå fakultetet for undervisning på TRANSHF. Samla sett vil nok lønsutgiftene likevel bli høgare enn løyvingane til løn. Det er i så fall uproblematisk å bruka noko av driftsbudsjettet til lønsmidlar.

<sup>1</sup> **Lønsutgiftene** inkluderer løn til undervisarar og eksamenssensorar. **Drift** alle andre utgifter ved instituttet. Kategoriane er likevel ikkje heilt presise. Driftsutgiftene i tabellen inkluderer også nokre mindre lønspostar til administrativt tilsette o.a., og dessutan nokre lønsutgifter som sannsynlegvis er feilførte. Det er snakk om mindre summar. I tillegg ligg det ein større sum under drift (175.000) som er løn til S. Røwekamp ved studiesenteret i Kiel. Dette er utgifter som skal dekkast av fakultetet, slik at pengane vil bli tilbakeførte til instituttet.

## Øyremerkte midlar

Som vanleg sit vi med store ubrukte reserverar som er øyremerkte til enkeltpersonar eller enkelføremål. Restsummen her er over tre millionar pr 3. september. Dette er ein risikabel reserve å dra med seg fram mot årsskiftet. Fakultetet har varsle at vi ikkje kan rekna med å få føra over ubrukte midlar til 2009. Liknande meldingar frå fakultetet i fortida er ikkje alltid blitt like strengt følgd opp, men eg trur vi denne gongen må førebu oss på at udisponerte midlar faktisk vil bli trekt inn ved årsskiftet. Det er blitt sendt ut påminning om dette til heile instituttet i e-post 4. september. Det er berre to postar vi kan vera sikre på å få overføra til 2009: for det første driftsmidlane til stipendiatane, og for det andre påskjøningsmidlane tildelte i 2008 til master- og doktorrettlearane.

Nedanfor følgjer ein gjennomgang av dei ulike typar øyremerkte midlar.

*Driftsmidlar til stipendiatane (rest pr 3.9: 730.864):* Lista inkluderer 32 stipendiatar og ein postdok med driftsmidlar (NFR-stipendiatar er ikkje inkluderte). Kvar av desse 33 har i gjennomsnitt 22.000 kroner i driftsmidlar ”ståande på bok”. Stipendiatane får overføra midlar gjennom heile stipendperioden, og vi har mange stipendiatar. Men ei handfull av stipendiatane er ferdige med stipendperioden eller i ferd med å avslutta, og i desse tilfella risikerer vi inndraging.

*Påskjøningsmidlar til rettleiarane (rest pr 3.9: 530.049):* Det som kan overførast til 2009, er det som er tildelt i år. Til saman har rettleiarane ved instituttet i år fått tildelt 567.000 kroner i påskjøningsmidlar. Det tyder likevel ikkje at vi får overført heile restsummen. For å finna ut kor mykje som kan overførast, må ein gå inn på kvar einskild rettleiar og sjå om vedkomande har brukt opp minst den summen som eventuelt er overført frå 2007. Så detaljert har er det ikkje gått til verks her, og dette er noko rettleiarane må halda oversikt over sjølv (jf økonomirapportane som Westgaard ved økonomiseksjonen sender ut). Eg reknar likevel med at det aller meste av midlane som er att ved årsskiftet, er pengar som er tildelte i år, og som dermed kan overførast til 2009.

*Publiseringsstøtte (rest pr 3.9: 364.656):* Størsteparten av publiseringsmidlane er tildelingar frå instituttet gitt våren 2009. Svært lite av den tildelte publiseringsstøtta er så langt brukt. Vi ventar å få inn ein del større fakturaar i slutten av året. Det som ikkje blir brukt i 2008, vil sannsynlegvis bli trekt inn av fakultetet. I eitt tilfelle har instituttet garantert for ein større sum som vil bli tildelt på ny i 2009 dersom fakultetet ikkje går med på overføring.

*Forskningsføremål (rest pr 3.9: 206.901):* Størsteparten av forskningsstøtta er tildelingar frå instituttet våren 2008. Også her står det meste av løyvingane så langt ubrukte. Vi må rekna med inndraging av det som ikkje er brukt innan årsskiftet.

*Driftsmidlar til studieprogramma frå instituttet (rest pr 3.9: 66.385):* I budsjettet er det sett av 15.000 kroner i driftsmidlar til kvart av programamma SPINF, SPIK, Latinamerikastudium og Integrert lærarutdanning. Til USA-programmet er det sett av 20.000 etter særskilt avtale med fakultetet. Svært lite av pengane er brukt opp til no.

*Likestillingsmidlar (rest pr. 3.9: 200.000):* Dette er premieringspengar til instituttet etter at Skulstad og Lægreid fekk opprykk til professor. Instituttleiinga har hatt som målsetjing å nytta desse midlane til likestillingstiltak, og har gitt ekstraordinær forskingstermin til to kvinnelege medarbeidarar: Koppen og Trebbi. Utgiftene til vikarar for Koppen og Trebbi hausten 2008 vil derfor bli trekt frå likestillingsmidlane. Dette er ikkje gjort enno, og det vil

redusera restsummen. Midlane som er igjen, ønskjer instituttet å bruka i 2009. Det vil bli søkt om overføring.

*Andre føremål (rest pr. 3.9: 1.331.746):* Dei to store postane her er utviklingsmidlar til Nettitaliensk (446.120) og utviklingsstøtte til prosjektet Verbal Aspect Tutor (425.148). Når det gjeld nettitaliensk, har det vore gjort ei feilføring ved fakultetet. Dette er no retta opp, og dermed har prosjektet ein stor disponibel sum. Det må drøftast med prosjektleiar korleis desse pengane kan brukast. Vi må be om overføring til 2009 her, og ein del av midlane må kanskje returnerast. Under andre føremål ligg òg EURLING ved Fløttum (263.579), utviklingsmidlar PROFFT (135.860) og nokre mindre postar.

### **III. Midlar som ligg utanfor instituttbudsjettet**

Støtte frå Meltzerfondet, Bergen universitetsfond og smådriftsmidlar ligg utanfor instituttbudsjettet.

Midlane frå Meltzer- og universitetsfondet kan òg brukast utover våren 2009. Frå Meltzerfondet har forskarar ved instituttet i år fått tildelt 535.667 kroner, og frå universitetsfondet 160.000 kroner. Eg har ikkje sjekka kor mykje som er att av desse midlane, men her har vi altså litt betre tid på oss.

Smådriftsmidlane skal derimot brukast opp innan årsskiftet. Her fekk instituttet i år tildelt 1.152.537 kroner, i tillegg til ubrukte midlar som vart ført vidare frå 2007. Framleis er litt over ein million kroner av desse midlane ubrukte, og det vil bli sendt ut ei særskilt påminning til dei som har slike midlar.

*Arve Kjell Uthaug,  
10. september 2008*

**VEDLEGG:** Analyserekneskap for Institutt for framandspråk pr 3.9.2008  
Oversyn over smådriftsmidlar pr 31.8.2008

<innhaldet i dokumentet over er sjekka og ok. Aku, 10.9.2008>